



Arkivnr: 2014/10498-97

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Årsrekneskap og årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Fylkesrådmannen si årsmelding skal følgja som sakstifang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så fylkesutvalet som innstiller overfor fylkestinget, i saka om rekneskapen. Fylkestinget skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Drøfting:


Årsrekneskapen er lagt fram av fylkesrådmannen, og består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Fylkeskommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 5.398.948.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 68.456.000. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Vi fekk også kopi av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte til fylkeskommunen. Denne revisjonsrapporten inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve ein del tilrådingar til fylkeskommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på desse forbetningsområda.

Av rekneskaperen for 2015 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 171,9 mill dvs. netto resultatgrad på 2,07 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2015. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2011 (+ 3,52 %), 2012 (+ 3,31 %), 2013 (+ 6,62 %), 2014 (+ 0,66 %) og 2015 (+ 2,07 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2015 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad fylkeskommunen sin handlefridom og evne til å tale svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt saman hengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 101,6 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Talet har også auka frå 2014, då det var 96 %. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 2,81 % av driftsinntektene. Dette er ein nedgang frå 4,36 % i 2014. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune høg lånegjeld, relativt svakt driftsresultat for 2015 og eit disposisjonsfond som også er lågt. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå fylkesrådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Hordaland fylkeskommune har lagt bak seg eit godt arbeidsår som også denne gongen vart gjort opp med overskot i rekneskaperen. Overskotet på 68,5 mill. kr kom i stor grad som resultat av betre skatteinngang og

lågare pensjonskostnader enn budsjettert. Resultatet dekker dermed over den urovekkjande utviklinga i resultatata for dei ulike sektorane. Alle tenestesektorane viste i 2015 underskot samanlikna med budsjettet - samla heile 87 mill. kr. Utan den positive skatteinngangen og andre meir budsjettekniske tilhøve, ville resultatet vore langt dårlegare. Stram økonomistyring må difor framleis ha høg prioritet, samstundes som det målretta arbeidet med å betre driftsøkonomien og fylkeskommunen sine tenester held fram.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av fylkeskommunen i 2015. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest også i 2015 å vera greitt omtala. Det vart i 2013 gjort endringar i kommunelova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: «*Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...*» I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om fylkesrådmannen sin internkontroll.

I kontrollutvalet sin uttale for 2014 stod dette:

«Kontrollutvalet kan heller ikkje i årsmeldinga for 2014 sjå at fylkesrådmannen sin internkontroll er omtala. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtalar dette.»

Sekretariatet registrerer at dette er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2015.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig mindre forbruk
- netto driftsresultat
- låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 frå Deloitte. Utvalet bør vidare be fylkesrådmannen kome i møte i kontrollutvalet 31.08.2016 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse forbetningspunkta.

Vidare bør kontrollutvalet i sin uttale peike på at dei også i år er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er 101,6 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å ligga under 75 %. Samstundes har fylkeskommunen eit relativt svakt driftsresultat for 2015 og eit disposisjonsfond som også er lågt.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via fylkesutvalet til fylkestinget.

Årsrekneskap 2015 for Hordaland fylkeskommune - Del 1 og Årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune er også send i posten til dei faste medlemmene i kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2015 nr. 15 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til uttale frå kontrollutvalet på årsrekneskap og årsmelding 2015 for Hordaland fylkeskommune
- 2 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2015
- 3 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2015
- 4 Årsrekneskap 2015 for Hordaland fylkeskommune - Del 1
- 5 Hordaland fylkeskommune årsmelding 2015